

## ÅRSMELDING FOR 2012

### Styret

Solveig Grinde Opseth	leiar
Elisabeth Muri	
Ellaug Haugum	kasserar
Monrad Kolstad	Sekretær

### Medlemmer

Per 31.12.2012 hadde Seniornett Førde 60 medlemmer, derav 45 kvinner og 15 menn. Totalt er det ca. 100 personar som har fått dataopplæring ved Seniornett Førde sidan vi starta opp. Nokre av medlemmene som starta opp i Bygstad og på Sande har flytta over til Seniornett Førde.

### Historia til Seniornett Førde:

#### Elisabeth Muri skriv slik om oppstartinga av Seniornett Førde i 2009:

*«Slik eg hugsar starten på Seniornett Førde.*

*Februar 2009 var vi ei gruppe som starta på et datakurs som Øyrane Vdg. Skule arrangerte. Eg måtte avbryte halve kurset på gr. av sjukehus opphald.*

*I byrjinga av mars var eg på Seniorkor. Eg såg i Firda at to i frå Førde gjekk på datakurs i Naustdal. Dette tykte eg var rart. Eg sa til Solveig Grinde Opseth kva eg meinte om det. Ho svarte: Det må vi gjere noko med. Dermed ordna ho opp med å få Frivilligsentralen i Førde til å starte opp med kurs i Førde.*

*Frivilligsentralen hadde på den tid kontor i «Brunosten», Hafstadvegen 10, og leiarane Therese Kleive Veimo og Monika Rye var flinke og undervise, og fekk andre til å stille opp med opplysning, slike som Sparebanken, forsikring- selskap og Førde kommune med meir.*

*Ein dag etter korøving spurde eg Monrad Kolstad om han kunde tenke seg å kome ein dag å undervise oss i data. Ja, sa han, og eg vil vere der kvar gong.*

*Monrad hadde en tidlegare kollega: Egil Nestande som også var villeg til å stille opp som læremeistar i 2011. Dei er berre heilt fantastiske, det har ikkje vore snakk om lønn.*

*Dermed blei det sving på heile opplegget. Det blei så mange som ville vere med at vi måtte dele oss opp i to grupper. Etter kvart blei det to grupper på fredagar og to grupper på torsdag. Mi første utbetaling til Seniornett Norge var 02.03.2010. medlem nr.7032. kr.150,--«*



## **Organisering av opplæringa.**

Seniornett Førde starta opp på nyåret 2009, og er drive av Frivilligsentralen i Førde. Instruktørar har vore Monrad Kolstad frå starten og Egil Nestande frå 2010. Vi planla i løpet av 2012 at Ståle Sørbotten skulle hjelpte oss med Slektsgransking vinteren 2013. Seniornett Førde har no blitt ein dataklubb der mange av dei som var med frå starten framleis er med. Seniornett Førde har frå oppstart til no halde til i Brunosten, Fjellvegen 10, som også har svært gode kurslokaliteter.

Fleire av deltakarane har etter grunnopplæringa vore faste medhjelparar både på opplæring og på meir tekniske ting for medlemmene.

Våren 2012 hadde dataklubben besøk av Joop Cupper frå Seniornett Norge. Vi registrerte at han var vel nøgd med opplegget vårt.

Seniornett Førde har frå Seniornett Norge fått leige to pc'ar som har vore nytta som reserve ved maskinhavari hjå medlemmene.

Heilt frå starten har vi hatt eit godt samarbeid med Førde bibliotek om ulike opplæringstema.

## **Kva har vi arbeidd med på PC-ane våre:**

### **Internett:**

Søkje på Internett etter telefonnummer, arrangement, rutetider, matoppskrifter, lese aviser, kommunalt nytt, kjøpe kino- teater-billetter. Bestille fly- og reise-billetter m.m Finn.no.

Sjå og surfe på ulike Heimesider – nettsider.

Bruke Nettbank og oppdatering av Java.

Skrive og sende SMS-meldingar på pc.

### **Kartnedlasting**

Deltakarane har fått litt øving i å laste ned kart over sine egne eigendomar og serve litt på Google Earth.

### **Tekstbehandling:**

Skrive brev, oppsett etter Norsk Standard, men mest med redigering av tekst. Hente og bruke bilde i tekstdokument.

Skrive jule-påske-kort-helsingar med innlegging av egne bilde og andre motiv.

Lagring av dokument i mapper og fil.

### **E-post**

Bruke, sende og motta E-post med og utan vedlegg

### **Bilde og foto**

Hente og lagre bilde på pc frå fotoapparat og eller frå mobiltelefon.

Bildebehandling, forstørring, forminsking, beskjæring av bilde m.m.

### **Rekneark**

Reknearket Excel der vi sette opp hushaldningsrekneskap, deltakarliste ved familietreff m.m.

## PowerPoint

Lage presentasjonsark med ulike utformingar, animasjon

## Slektsgransking

Ei gruppe på 19 meldte seg opp på øvingar i slektsprogrammet Embla, der dei skulle utforska si eiga slekt. Ståle Sørbotten sa seg villig til å vere instruktør.

## Mobiltelefon

Øvde litt på bruk av mobiltelefon med oppsett av konferanse-samtaler, der fleire kunne snakke på same tid. Dei fleste hadde ikkje prøvd dette tidlegare.

## Musikknedlasting og nettbok (Bokhylla.no)

Mange av deltakarane har på samlingane ved Førde Bibliotek lasta ned musikkprogrammet frå Spotify og bøker frå Bokhylla.no m.m

## Datamaskin

Forstå datauttrykk

Tømme logg, diskopprydding og søkje etter dokument.

Slette og legge inn ny programvare.

Bruke minnepenn, lagring og henting av filer.

Litt rettleiing i kjøp av datamaskin, skrivar og programvare m.m.

## Undervisningsmateriale

For nokre arbeidsoppgåver har vi laga skriftleg oppsett til deltakarane, der dei får detaljert hjelp til korleis dei skal gå fram. Dette saman med Seniornettvisa har vore til stor hjelp for mange.

Lærebøker ut over dette har vi ikkje brukt, men nokre har på eiga hand kjøpt inn slike,

## Sosialt opplegg

Alle gruppene har på kvar samling ein felles halv-times kaffipause i sofagruppa ute i gangen/hallen. Her har vi hatt ei ordning med at ein av deltakarane tek med seg heimebakst eller andre godsaker til kaffien. Dette går på omgang. Kaffien/te vert kokt på minikjøkkenet på Brunosten. Medan vi sit i sofagruppa tek vi også ein kort repetisjon på det vi har arbeidd med tidlegare på dagen. Ein slik seanse set dei stor pris på etter dei tilbakemeldingane vi har fått. I tillegg blir alle «verds-problem» løyst i pausen. Det sosiale er viktig i denne aldersgruppa.

I høve jule- og våravsluttinga har vi arrangert felles hyggedag for alle gruppene med god mat, musikk og dans i underetasjen på Brunosten, der både gamle og nye medlemmer har vore med.



**Osteiskaka** vår var ei utfordrande oppgåve som alle henta frå internett, lima inn i tekstdokument, sende den som vedlegg på e-post, og nokre bakte den!

# Rekneskap 2012

## RESULTAT OG BALANSE

<b>DRIFTSREKNESKAP</b>	<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>
Medlemskontingent	0,00	
Kursavgift	8 400,00	
Kaffipengar	7 558,50	
Tilskot	7 700,00	
Finansinntekter (renter)	13,00	
Godtgjersle til instruktører for utlegg		9 000,00
Servering		1 230,00
Utstyr		0,00
Annonser, porto		0,00
Andre utgifter		1 245,32
Finanskostnader (bankgebyr)		276,00
<b>Sum</b>	<b>23 671,50</b>	<b>11 751,32</b>

## RESULTATKONTO

Sum inntekter	23 671,50	
Sum utgifter		11 751,32
Fordringar 18.04.2012	0,00	0,00
Gjeld 18.04.2012	0,00	0,00
Fordringar 31.12.2012	0,00	0,00
Gjeld 31.12.2012	0,00	0,00
Resultat (overskot)		<b>11 920,18</b>
<b>Sum</b>	<b>23 671,50</b>	<b>23 671,50</b>

## KAPITALKONTO

	<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>
Kapitalkonto per 01.01.2012		0,00
Driftsresultat		11 920,18
Kapitalkonto per 31.12.2012	11 920,18	
<b>Sum</b>	<b>11 920,18</b>	<b>11 920,18</b>

## BALANSEKONTO per 31.12.2012

	<b>Debet</b>	<b>Kredit</b>
<b>Eignedelar:</b>		
Bankinnskot	11 920,18	
Debitorar (fordringar)	0,00	
<b>Eigenkapital (og gjeld):</b>		
Kreditorar		0,00
Lån		0,00
Kapital per 31.12.2012		11 920,18
<b>Sum</b>	<b>11 920,18</b>	<b>11 920,18</b>

## Bilde frå Klubbaktiviteten til Seniornett Førde

